



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 16.02.2017
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 11:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	Ugild sak 005/2017
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Forfall, vara innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Trude Langedal	SA	Varamedlem	Vara for Anne Britt Almelid

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingsjef	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Sak
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2017	Godkjenning av møtebok
003/2017	Referatsaker
004/2017	Orienteringssaker
005/2017	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020
006/2017	Reviderte retningslinjer for tildeling av kulturmidlar
007/2017	Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen
008/2017	Revisjon av vedtekter skulefritidsordning
009/2017	Revisjon vedtekter Modalen barnehage

Notat frå møtet:

001/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

003/2017: Referatsaker

Behandling:
Ordførar orienterte om utsendte referatsaker og svarte på spørsmål.

Regionrådet for Nordhordland ønskjer å sende ein ny uttale vedkomande geografisk driftsenhet for politiet i Nordhordland. Ordføraren stilte spørsmål om kommunen skulle sende ein eigen uttale vedkomande dette, men kommunestyret meinte at det var nok at vi uttalte oss gjennom Regionrådet.

Vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

004/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Planframlegg omstilling pleie og omsorgstenesta (utsendt vedlegg)

Ordførar orienterte om møter og drøftingar som har vore om saka.

Oddvin Neset svarte på spørsmål vedkomande kapasitet til eigne innbyggjarar og kompetanse til å ivareta "tyngre" pleiebehov.

Kapasitet er ok, men vi er sårbar vedkomande kompetanse sidan vi har ei lita eining. For å bøte på dette gjennomfører vi ulike tiltak for å ha tilfredstillande kompetanse til ulike pleiebehov.

Tildeling av kompensasjonsmidlar (utsendt vedlegg)

Rådmannen orienterte om saka.

Oppfølging:

Formannskapet skal drøfte ei vidare oppfølging av prosjektet. Skal vi gjennomføra omsøkt prosjekt med auka eigenadel for kommunen eller endre prosjektet til anna føremål/økonomi? Formannskapet si tilråding vert å handsama i kommunestyret.

Modalen service- og næringscenter

Ordførar orienterte om status i dette arbeidet. Kommunestyre får ei tilbakemelding i møte den 20. april

Mulighetsstudie Otterstad - Trohaug

Ordførar orienterte om status i dette arbeidet.

Brannsamarbeid med Lindås og Meland brann og redning

Rådmannen orienterte om saka.

Kommunestyret såg positivt på framlegg til samarbeid og vilkår for dette slik det vart presentert.

Avtale om kjøp av landbrukstenester frå Meland kommune

Rådmannen orienterte om at avtale med Meland vil verte forlenga til og med 2019.

Veterinærtenester

Rådmannen orienterte om at vi ikkje har på plass ny løysing for kommunale veterinær oppgåver enno, men vi arbeider med saka.

Avtalar med Vaksdal kommune

Rådmannen orienterte om at kommunen no skal drøfte fornying av ulike samarbeidsavtalar med Vaksdal kommune.

Årsrekneskap for 2016

Rådmannen orienterte om at ein er i slutfasen med avslutninga av rekneskapet for 2016 og ein forventar ei positivt driftsresultat, men lågare enn for 2015.

Innsamling av landbruksplast

Kjetil Eikefet etterspurde kva som var gjort i høve innsamling av landbruksplast.

Landbrukssjefen har følgt opp denne saka. I møtet kom det fram at lokale bønder er invitert til eit

møte i mars med dette som tema.

Oppfølging:

Rådmannen undersøker status for arbeidet og orienterer om dette i neste møte.

Uteområde på Øvre Helland

Håvard Engeseth etterlyste framdriftsplan og om kva tiltak som skal gjerast.

Teknisk sjef orienterte om at arbeidet vil verte vidareførast i 2017 og at tiltak vil verte drøfta med vellaget før oppstart/gjennomføring.

Liv og Lyst-prosjekt i Modalen

Liv Anne Aanesen orienterte om at Hordaland Fylkeskommune har løyvt kr 300.000 (årleg kr 100.000 i 3 år) i tilskot til prosjektet. og at prosjektarbeidet er no starta opp.

Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

005/2017: Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020

Behandling:

Habilitet:

Ordfører gjekk frå under handsaming av saka då han var ugild grunna at han er gift med styreleiar i Modalen kraftlag , Fvl § 6 c.

Under handsaminga var det 12 medlemmer til stades.

Varaordfører Kristin Nåmdal leia møtet.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv, men med endring av pris i samsvar med vedtak i KS 017/2015. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.

All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast

mogeleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.

Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2020.

Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2020.

006/2017: Reviderte retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune vedtek reviderte retningslinjer d. 12.01.17 for tildeling av kulturmidlar.

007/2017: Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen

Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte og svarte på spørsmål.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune vedtek å gjennomføre tiltak som omhandlar fysisk tilrettelegging rundt helleristingspunkt v/ Mostraumen. Dette inneber skilting, tilrettelegging av parkeringsplass for båthamna samt bearbeiding og sikring av helleristingspunktet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, grunneigar og Modalen kommune. Det vert løyvd inntil kr. 95 000,- i føreslegne investeringar finansiert gjennom næringsfondet.

Årlege driftskostnadar på kr. 14 000,-er lagt inn i kulturbudsjettet.

008/2017: Revisjon av vedtekter skulefritidsordning

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

009/2017: Revisjon vedtekter Modalen barnehage

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Vedtekter for Modalen barnehagen vert godkjendt slik dei ligg føre.
